

NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Stord	07.10. 2014
Dykkar ref.	201203894
Vår ref.	112788/2
Arkivnr.	
Saksbehandler	Odd Terje Waldal
Sider	3

## SKL Nett sin høyringsuttale til endringar i kontrollforskriften

Eg viser til høyringsdokument om føreslåtte endringar i kontrollforskriftens §2-8, med høyringsfrist 10. oktober. Det vert føreslått konkrete reglar om fordeling av inntekter og kostnader i konsern og om konkurranseutsetting for nettselskap sitt kjøp i konsern. Føremålet er å unngå kryssubsidiering, for dermed å sikre at nettverksemda ikkje har urettmessig høge kostnader.

Konsernorganisering er tillatt, og vi kan ikkje sjå at det er umiddelbare planar om å endre dette. Konsern er ei effektiv organisasjonsform som ikkje minst nettverksemda nyt godt av, der driftsmessige, kompetansemessige og effektivitetsmessige effektar kjem kundane til gode både gjennom kostnadene for nett og gjennom god driftssikkerhet og god beredskap. Ei slik organisering skaper utfordringar om rett kostnadsfordeling m.m. som høyringsdokumentet omhandlar. SKL er sjølvsagt opptatt av at kryssubsidiering ikkje skal skje, og arbeider seriøst for å ha gode rutinar som sikrar at så ikkje skjer. Det er viktig med entydige reglar som sikrar at vi som aktørar ikkje vert mistenkt for å drive uryddig, og slik at kundane har tillit til at nettleiga dekkjer rette og reelle kostnader.

Som konsern og aksjeselskap er vi også underlagt aksjelova, og § 3.9 i denne regulerer konserninterne transaksjonar (transaksjonar mellom selskap skal vere skriftlege og vere tufta på forretningsmessige vilkår og prinsipp). Det vil alltid vere rom for skjønn, og behovet for objektive kriterie er til stades. Eit godt regelverk for dette er vanskeleg å utforme. For oss som aktør er det viktig med operasjonelle reglar som er lette å bruke og som gir minst muleg grunnlag for mistanke om uryddig handtering av eit tema som uansett vil innehalde eit visst skjønn. Føreslåtte reglar i høyringsdokumentet vil ikkje rydde all tvil vekk, noko som viser at dette ikkje utan vidare er lett.

SKL meiner at endra reglar om innkjøp i konsern og behandling av felles inntekter og kostnader i konsern må ta utgangspunkt i:

- Ein aksept av at konsernorganisering er tillatt.
  - Det må vere aksept for fellesløysingar, også for nett, med tillit til at desse også kjem nettselskapet til gode.

- Reglane må kunne operasjonalisert.
  - Som nettaktør må vi kunne ha mest muleg entydige reglar å bruke.

Med dette som utgangspunkt har SKL Nett desse kommentarar til utsendt høyringsdokument om føreslåtte endringar i kontrollforskriftens § 2-8:

**2-8, 3. ledd; fordeling ut frå reell bruk av ressursar.**

SKL har ikkje merknader til denne regelendringa, og føreset at det blir aksept for dei fordelingsnøklar som gir det beste estimatet for kva som definerer reell bruk av ressursane (antall timar, antall årsverk, etc.).

**§2-8, 6. ledd; transaksjonar i konsern skal så langt muleg vere basert på konkurranse.**

SKL meiner at ein slik regel må operasjonaliserast nærmare. Vi ser at det er utfordrande å utforme presise og dekkande forskriftsreglar, men ein regel som føreslått må spesifiserast, elles blir dette lite forutsigbart for oss som nettaktør. Det må gjerast ei avklaring om transaksjonar til marknadsnivå, som skal vere basert på konkurranse *så langt som mulig*.

Med henvisning til ovanstående utgangspunkt om konsern kan ei tilnærming til slik operasjonalisering vere å dele transaksjonar som nettselskapet har i konsernet inn i ulike kategoriar, og spesifisere reglar for kvar av desse gruppene, t.d. slik:


1. **Kjøp av fellestenester i konsern, type administrative ressursar; lønn, rekneskap, HR, leie av lokaler, vaktmestertjenester, resepsjon, postmottak o.l**
  - a. Skriftlege avtalar om slikt innkjøp er tillatt innanfor kontrollforskriften, utan konkurranseutsetting.
2. **Fellesinnkjøp i konsernet, type forsikring, betalingsformidling, reinhald mv.**
  - a. Kravet om konkurranseutsetting for fellesinnkjøp er ivaretatt når eksterne tilbod er innhenta av konsernet.
3. **Kjøp/salg av felles nettrelaterte ressursar, type driftssentral, datakommunikasjonstenester, kundesenter og AFI-tenester**
  - a. Omsetning av definerte/konkretiserte nettrelaterte ressursar kan skje internt, utan konkurranseutsetting, innanfor kontrollforskriften.
4. **Kjøp/salg av andre oppgåver i konsernet, type entreprenørverksemd.**
  - a. Omsetning av andre tenester frå forretningsområde som konsernet driv i konkurranse med eksterne leverandørar, type entreprenørverksemd, skal skje med ekstern eksponering.

Ei slik tilnærming inneber ein aksept for at konkrete og definerte konserninterne transaksjonar kan skje som innkjøp utan konkurranse. Prinsippet om marknadsvilkår skal gjelde også for desse. I den grad det ikkje finst relevante marknadsprisar for tenesta, bør ei kostnadsbasert tilnærming kunne nyttast, ut frå at konsernet har eit økonomisk insentiv om å utføre alle oppgåver så rasjonelt som muleg.

Ei slik konkretisering som skissert ovanfor må bearbeidast og gjerast så presis og utvetydig som muleg. Føreslått rapporteringsplikt vil gje NVE oversikt over omfanget, og NVE vil dessutan kunne kontrollere at avtalar utan konkurranse er innanfor definert regelverk.

SKL Nett foreslår vidare at det fortsatt blir muleg å selge spesialtenester ut frå nettselskapa innanfor bransjerelaterte oppgåver. Døme på slike tenester er: releplanar, kabelarbeid på høgare spenningsnivå (66kV og oppover), feilsøking/-retting og beredskapstenester samt vidareføring av veglystenester for kommune og vegvesen. Slikt salg av bransjerelaterte tenester mellom nettselskap vil vere med å trygge kompetanse og ressursgrunnlaget for fortsatt høg beredskap og forsyningsikkerhet.

Med helsing  
SKL Nett AS

A handwritten signature in blue ink that reads 'Asbjørn Tverdal'.

Asbjørn Tverdal  
Adm. direktør